

# ÅRSMELDING

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL 2020

Teatersjefens årsmelding	<b>6</b>
Resultatrekneskap	<b>18</b>
Balanse	<b>20</b>
Notar	<b>24</b>
Revisors beretning	<b>30</b>
Statistikk	<b>32</b>
Nøkkeltal	<b>33</b>
Økonomisk resultat	<b>33</b>
Repertoar	<b>38</b>
Tilsette	<b>40</b>
Styret	<b>41</b>
Representasjon	<b>41</b>

Framsidedeilete:  
Utgjevar:  
Ansvarleg utgjevar:  
Redaksjon:  
Utforming:

*Slåttekar i himmelen* Foto Erik Berg  
Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal  
Kristian Lykkeslet Strømskøg  
Kristian Lykkeslet Strømskøg, Knut Lidvard Høgset og Rolf-Inge Pedersen Hjelseth  
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth



Stillferdig og ettertenksomt om levd liv.

SUNNMØRSPOSTEN

## SKUMRINGSTIMEN

av Peter Drabløs

Regi Eldrid Schrøder Kvalvik

Med Astrid Overaa, Peter Drabløs

Premiere 8. november 2020  
på Teatrefabrikken, Ålesund

Framsyningar: 8  
Publikum: 377





## BARTLEBY

av Herman Melville

Dramatisert av **Jonas Corell Petersen**  
Regi **Jonas Corell Petersen**  
Scenografi **Jonas Corell Petersen** og  
**Øyvind Wangenstein**  
Lysdesign **Øyvind Wangenstein**  
Lyddesign **Olav Waastad**

Med **Lars Melsøter Rydjord**,  
**Olav Waastad**, **Patrik Stenseth**,  
**Thea Lambrechts Vaulen**

Premiere 20. januar 2020  
på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 14  
Publikum: 807





**Men hvis man ikke tør å feile så tør man heller ikke prøve noe nytt. I så måte er det en modig forestilling som nok mange har en mening om.**

**ROMSDALS BUDSTIKKE**



## TEATERSJEFENS ÅRSRAPPORT 2020

“I Humlehaven var det vinterstengt. Alle urtene låg gøymde under snøen, og alle trea stod med snø på greinene. Var det ikkje merkeleg, tenkte Nesje, at dei om kort tid skulle få lauv, og at urtene skulle få blomar? Slik var naturens orden, ein kunne gjerne seia under, for eit under var det.” (*Slåttekar i himmelen*, Edvard Hoem).

Når me vert gamle, trur eg me kjem til å fortelja om dette året til barneborna våre. 2020. Året med korona. Året då alt vart stengd ned. For så sakte å opna opp att. Steg for steg. To steg fram, eitt, kanskje to attende. Like fullt framover. Sakte og varsamt.

Ein merkedag for Teatret Vårt i 2020 vil alltid vera 7. mars. Då hadde me premiere på storsatsinga *Slåttekar i himmelen* i Oslo. Dette var eit samarbeid mellom Teatret Vårt og Det Norske Teatret. Neste framsyning var planlagd 10. mars. Same føremiddag tikka det inn melding om at framsyninga måtte avlysast på grunn av nye restriksjonar i Oslo. Dette var starten på eit år som vart alt anna enn det me trudde det skulle verta.

I Møre og Romsdal har me sloppe unna dei verste smittebylgjene. Me har vore heldige – og flinke. Me skuldar nok både helsevesenet og kommunane i fylket ein stor takk. På grunn av arbeidet deira, har me kunna arbeida nokså normalt dette året og fått høve til å visa teaterframsyningane våre i heile fylket. Det er nokså unikt når me ser rundt oss i resten av landet. Frå 7. mai og

ut året gjennomførte me eit tilnærma normalt program, då med halve salar. Men dei halve salane har vore besøkt av heile menneske. Heile menneske som har fått sjå gode og fullverdige teaterframsyningar. Dette er takk vera iherdig innsats og ein sterk vilje internt på Teatret Vårt. Eg er djupt takksam og imponert over kva teatret har fått til, trass omstenda rundt oss. Leietråden vår har vore at så lenge me får lov til å spela teater, så skal me spela teater – sjølv for berre fem-ti publikummarar; og me skal laga teater med dei same ambisjonane og kvaliteten som alltid. Me får offentleg tilskot som skal gle publikum i heile fylket. Det har me teke på alvor.

Det har vore fantastisk å sjå at framsyningane utan unntak har vorte godt mottekne og godt besøkte. Me opplever at det finst eit stort eigarskap til teatret i heile fylket. I dette spesielle året, er me ekstra takksame for at folk har vore engasjerte, til stades og slutta opp om teatret. Me er eit teater som er lite og sårbart, men samstundes eit teater som har ein styrke i storleiken. Me har vist at me er fleksible og kan endra kurs raskt. Det har vorte svært tydeleg i denne tida.

### KUNSTNARLEG

I 2020 har me fått vist framsyningane *Alle fantastiske ting*, *Bartleby*, *Lars er LOL*, *Slåttekar i himmelen*, *Robin Hood*, *Vårsøg 75 år*, *Stjernemateriale*, *Julekveld med Teskjejerringa*, *Deilig er jorden*, *Grevinnen*

og *hovmesteren 2.0* og *Skumringstimen*. Alle er på ulike måtar si eiga vesle suksess-historie. Fleire produksjonar vart til trass i korona, medan me fortløpande måtte finna nye løysingar, og tilpassa oss til stadig endra reglar. Andre vart til på grunn av korona; dei vart tenkte ut og produserte i dei periodane me måtte arbeida heimanfrå og digitalt. Felles for alle er at dei har nådd eit publikum som har vore fysisk til stades i teaterrommet. Det er me takksame for og stolte av. Teatret Vårt er ein av få scene-kunstinstitusjonar som har spelt fram-syningane våre for publikum heile vegen og ikkje vist dei digitalt. Teater er augne-blinkens kunst, teater er møte mellom men-ske i det same rommet. Det har også vore mandatet og målet vårt i 2020.

Publikumstalet i 2020 enda på 22.450. Det er mykje lågare enn me hadde forventa og kjem av halve salar på grunn av korona. *Slåttekar i himmelen* enda på om lag 6000 publikummarar og spelte inn dobbelt av billettinntektene me hadde bud-sjetterte med. Dette ser me att også i over-skotet. Denne framsyninga ville i eit normal-år ha kunna nådd eit mykje større publikum. Me trur ikkje me tek i om me reknar med at besøket ville vore det dob-belte, men at me kunne ha nådd opp mot 14.000 publikummarar er realistisk. Det ville vore publikumsrekord for Teatret Vårt.

Ein publikumsrekord er i seg sjølv ikkje

noko viktig mål. At me ikkje nådde dit, skuldast ytre avgrensingar og tilhøve me ikkje rådde med. Det som kjennest surt er at me ikkje fekk vist framsyningane våre til alle som ville sjå. Då tenkjer me på alle dei som kunne gått på teater i 2020, alle som kunne fått sett store og små, gode framsyn-ingar i heile fylket. Det er openbert at avgrensingane i 2020 har seinka det viktige publikumsutviklingsarbeidet. Med programmet me hadde lagt for 2020 kunne me fått eit større publikum, og mange som ikkje går på teater til vanleg ville besøkt oss.

## REPERTOAR

Den fyrste premieren i 2020 var *Alle fantastiske ting* av Duncan MacMillian. Framsyninga vart skildra som «...anner-ledes, munter, vond og viktig.» av Romsdals Budstikke. Regissør Kjersti Botn Sandal og skodespelar Johanna Mørck lukkast med å forløysa ein viktig tematikk med fokus på psykisk helse i ei humoristisk og utettervend form.

*Bartleby* av Herman Melville vart drama-tisert av Jonas Corell Petersen og var eit av mange kunstnarlege høgdepunkt i 2020. Me fekk ei heilstøypt framsyning med Øyvind Wangensteen som lysdesigner og Jonas Corell Petersen på regi. Denne fram-syninga fortente eit mykje større publikum og det var skuffande at me ikkje greidde å nå betre ut. Klassekampen skreiv «Ei ufor-ståeleg, men likevel fascinerande historie



som blir endå meir uforståeleg.» Skodespelarane var Lars Melsæter Rydjord, Olav Waastad, Patrik Stenseth og Thea Lam-brechts Vaulen.

I juni laga me *Robin Hood* som uteteater, fyrst på Romsdalsmuseet for skuleklassar i kohortar, så i Reknesparken i Molde og på Tueneset i Ålesund. Romsdals Budstikke gav terningkast seks: «...dette var topp moro». Klassekampen skreiv: «Leikent og sjarmerande.» Regien var ved Bjørnar Lisether Teigen, skodespelarane var Lars Melsæter Rydjord, Sara Fellman, Johanna Mørck, Amalie Sofie Ibsen Jensen, Lars Halvor Andreassen og Bjørnar Lisether Teigen.

Framsyninga *Vårsøg* markerte at det var 75 år sidan Hans Hyldbakk skreiv diktet. I samband med jubileet inviterte me Henning Sommerro og John Pål Inderberg attende til teatret. Sara Fellman og Julie Støp Husby var skodespelarar og songarar. Regien var ved Kristian Lykkeslet Strømskag og til manus fikk me hjelp av Svein Sæter. Framsyninga var ei veksling mellom Sommerro/Hyldbakk-låtar, Kleiva-brev og historiske anekdotar. Både publikum og presse var begeistra: «Spill levende Hyldbakk-hyllest.» (Romsdals Budstikke)

*Slåttekar i himmelen* av Edvard Hoem var eit samarbeid med Det Norske Teatret, med Møre og Romsdal-premiere i Molde 15. august. Regien var ved Bentein Baardson. Scenograf var Arne Nøst og

Ingrid Nylander var kostymedesignar. Romanen var dramatisert av Kristian Lykkeslet Strømskag. Teatret Vårt hadde tre skodespelarar i produksjonen: Sara Fellman, Bjørnar Lisether Teigen og Julie Støp Husby. Skodespelarar frå Det Norske Teatret var Jon Bleiklie Devik, Kjersti Botn Sandal, Svein Roger Karlsen, Unn Vibeke Hol og Andreas Koschinski Kvisgaard. Framsyninga fekk svært gode meldingar med femmarar og seksarar, her eit par utvalde: «En åpenbaring som teater». Aftenposten, «Skarpplipt og skjebnetung slåttekar.» Dagsavisen «en storslagen nybrottsfortelling.» Romsdals Budstikke.

*Stjernemateriale* hadde premiere i Ålesund 22. september. Sunnmørsposten gav fem: «Ta med ungdommene og se et teaterstykke som både underholder og utfordrer.» Det var svært gledeleg å sjå at me lukkast med ei framsyning som kommuniserte direkte med ungdommen, der både tematikk og formspråk treffe godt. Manus var ved Mattias Andersson, regi ved Vera Krohn Svaleng, scenografi og kostyme ved Ida Grimsgaard og Jonas P A Fuglseth hadde lysdesignet. Medverkande: Amalie Sofie Ibsen Jensen, Line Starheimsæter, Lars Melsæter Rydjord, Benedikte Sandberg.

*Skumringstimen* var eit vellukka samarbeid mellom Teatret Vårt og Teaterfabrikken. Ei framsyning om alderdom og einsemd, som vart ei lita perle. Me gler oss over at me på ein god måte treffe eit nytt publikum

i Ålesund og utvida publikumskrinsen. Å samarbeida med lokale aktørar i fylket er ein viktig ambisjon for oss; her lukkast me godt med å lyfta fram eit prosjekt som trong ekstra ressursar for å verta til. «Stillferdig og ettertenksomt om levd liv». (Sunnmørsposten, terningkast fem) Manus var ved Peter Drabløs. Regi ved Eldrid Schrøder Kvalvik og på scenen var Astrid Overaa og Peter Drabløs.

Premieren på *Deilig er jorden* vart flytta frå mars til november og fekk dermed litt andre føresetnader enn planlagt. Det vart ei leiken og musikalsk framsyning, slik me ynskte det, men me kom nok ikkje heilt i mål med dei gjevne føresetnadene. Like fullt eit prosjekt som born og eldre born vart lokka inn i og drøymde seg med i. Manus var ved Ingrid Askvik og Vera Krohn Svaleng. Ingrid Askvik hadde regi og Ida Grimsgaard stod for scenografi og kostyma. Komponist var Felipe Noriega. Lysdesign ved Jonas P A Fuglseth. Medverkande: Amalie Sofie Ibsen Jensen, Benedikte Karine Sandberg, Anders Firing Aardal, Lars Halvor Andreassen.

*Grevinnen og hovmesteren 2.0* var basert på eit manus av John Fiske. Bjørnar Lisether Teigen gjorde ei god omarbeiding og flytta handlinga til våre omgjevnader. Me lukkast godt med å skreddarsy eit prosjekt til julebord-publikummet, samstundes som me heldt på kvaliteten som teaterframsyning. Ein god balanse mellom lett tilgjenge-

leg underhaldning og ettertenksam refleksjon. Regi ved Bjørnar Lisether Teigen, lysdesign ved Jonas P A Fuglseth og på scenen var Lars Melsæter Rydjord og Bjørnar Lisether Teigen. «Julemoro i grevinnens tid» og terningkast fem i Romsdals Budstikke.

*Julekveld med Teskjekjerringa* er den nye familieframsyinga vår til jul. Born, vaksne og teatermeldarar var begeistra for både skodespelarar, manus, regi og det visuelle grepet. Det vart ei kvalitetsframsyning som tok både Prøysen og publikummet sitt på alvor, ei framsyning me kan spela i fleire år framover. *Julekveld med Teskjekjerringa* var basert på Alf Prøysens bøker og dramatisert av Kjersti Botn Sandal, som også hadde regi. På scenen stod Julie Støp Husby, Johanna Mørck og Sara Fellman. Scenografi og kostymedesign var ved Leiko Fuseya, lysdesign ved Jonas P A Fuglseth og Jonas Høgseth var musikalsk ansvarleg. Romsdals Budstikke trilla ein femmar og skreiv: «Barn og voksne i salen hikster og humrer over tempoet, stuntene og ikke minst replikkene.»

## OPPSUMMERING

Me har òg – trass i korona – gjennomført eit variert program med gjestespel og samarbeidsproduksjonar, frå Riksteatret og andre aktørar. Her er eit utval av framsyningar: *Sans og samling*, *1-2-3 nå begynner det*, *Segner*, *Vaffelhjarte*, *Må på behandling*, *Den lille store reisen*, *Pust*, *Blokk til*

*blokk, Verdens nest kuleste forestilling, Høyt og lavt i fotballens verden, Peer Gynt.*

At me i 2020 – med nedstenging, restriksjonar og stor grad av usikre tilhøve – har kunna gjennomføra 11 eigenproduksjonar er nesten ikkje til å tru, og me må klypa oss i armen for å skjøna at me har lukkast med å få det til. Det har til tider vore svært høgt arbeidspress, og enkelte i organisasjonen har arbeidd meir enn normalt og gjort ein innsats utover det me kan be om. Det er me svært takksame for – både innsatsen, men òg dedikasjon til teatret, framsyningane og at publikum skal få gode opplevingar og eit profesjonelt møte med teatret. Me er glade for å kunna seia at Teatret Vårt har teke oppdraget sitt på høgaste alvor også gjennom 2020, og at me trass i krevjande utfordringar har greidd å levera kunstnarleg. Me har dessutan halde oppe målet vårt om å kunna tilby sosiale møte-stader i heile fylket. Å samla menneske og gje dei gode kulturopplevingar er svært viktig, både i normale tider og i dette spesielle året. Det har me prioritert og me har lukkast med det. Me er stolte, glade og takksame.

Teaterbesøk og kultur er viktig for fellesskapet. Det er lett å kjenna seg einsam, dersom ein ikkje får høve til å dela opplevingar med andre. Eg trur mange av oss har sakna dette mykje det siste året. Me kunne nok ikkje fått ei tydelegare påminning om at me treng fellesskapet

rundt oss. Dei siste åra har me òg i Noreg opplevd auka polarisering; latterleggjering av andre sine meiningar; mindre tillit til kunnskap; giftige kommentarfelt; mistenkeleggjering; konstruerte fiendebilete; harde frontar og debattar. Teatret kan på sitt beste vera ei motvekt til alt dette - teatret er ein stad for lange tankar, grundigare refleksjonar og større perspektiv. Det treng me kanskje meir enn tidlegare. Kan henda vil gjenopninga av samfunnet koma med eit større behov og forståing for verdiane til fellesskapet, kanskje ser me kvarandre på ein ny måte og med eit meir ope blikk. Det er lov å håpa og sjå framover, slik som Hans Hyldbakk: «Straks eg får sjå første skimten av sola etter nyåret, tek eg til å lengte mot sommaren og seterdalane, og sterkare og heitare blir denne lengten etter kvart som vårmaken kjem i lufta og vinteren slepper taket.»

Teatret Vårt skal gjera sitt for å bidra til augneblinkar der me kjenner oss att, med rom for refleksjon og det som gjer oss forarga; latter, emosjonar og tankar. Me skal arbeida på for magiske opplevingar for store og små – i heile Møre og Romsdal.

«Å du, å du, kår sårt å selt e stoinna, når sola skin frå kvite høgdå ned. Da væt e vårn han e kje lenger oinna at e får levva slik æn sommar te.» (Hans Hyldbakk)

**Kristian Lykkeslet Strømskag**  
teatersjef





## ROBIN HOOD

Basert på **Legenden om Robin Hood**

Regi og bearbejdet av **Bjørnar Lisether Teigen**

Dramaturger **Kristian Lykkeslet Strømskag** og **Vera Krohn Svaleng**.

Med **Bjørnar Lisether Teigen**, **Lars Melsæter Rydjord**, **Sara Fellman**, **Johanna Mørck**, **Amalie Sofie Ibsen Jensen**, **Lars Halvor Andreassen**.

Première 12. juni 2020  
i Reknesparken, Molde (v2.0)

Framsnyningar: 6 (v1.0)  
Publikum: 235 (v1.0)  
Framsnyningar: 96 (v2.0)  
Publikum: 643 (v2.0)



ROMSDALS BUDSTIKKE

Leikent og  
sjarmerande  
KLASSEKAMPEN





**Spill levende Hyldbakk-hyllest**  
ROMSDALS BUDSTIKKE



## VÅRSØG 75 ÅR

Tekster **Hans Hyldbakk**

Musikk **Henning Sommerro**

Regi **Kristian Lykkeslet Strømskag**

Tekstutvalg **Svein Sæter**

Dramaturg **Julie Støp Husby**

Med **Henning Sommerro, John Pål Inderberg, Sara Fellman, Julie Støp Husby**

Première 17. juni 2020  
på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 18  
Publikum: 1 776





Ta med ungdommene og se  
et teaterstykke som både  
underholder og utfordrer.  
SUNNMØRSPOSTEN







## STJERNEMATERIALE

Manus **Mattias Andersson**  
Oversettelse **Vera Krohn Svaleng**

Regi **Vera Krohn Svaleng**  
Scenografi og kostymer  
**Ida Grimsgaard**  
Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**

Med **Amalie Sofie Ibsen Jensen,**  
**Line Starheimsæter, Lars Melsæter**  
**Rydjord, Benedikte Sandberg**

Premiere 22. september 2020 på  
Arbeideren kulturhus, Ålesund

Framsyninger: 27  
Publikum: 1 470





Edvard Hoems medrivende og menneskelige fortelling om menneskers slit, strev og drømmer har funnet en verdig vei til scenen.

VERDENS GANG



En åpenbaring som teater.

AFTENPOSTEN



Det stillferdige og det stor-  
slagne møtes i «Slåttekår i  
himmelen», en teater-  
forestilling som bringer  
nær historie nærmere.

DAGBLADET







Skarpslipt og skjebnetung slåttekar.

DAGSAVISEN



En storslagen nybrotsfortelling.

ROMSDALS BUDSTIKKE



Carpe Hoem!

BOK 365

Lågmælt og vakkert.

KLASSEKAMPEN

## SLÅTTEKAR I HIMMELEN

av **Edvard Hoem**

Dramatisering av **Kristian Lykkeslet Strømskag**

Regissør **Bentein Baardson**

Scenograf **Arne Nøst**

Kostymedesigner **Ingrid Nylander**

Videodesigner **Reidar Andreas**

**Richardsen**

Lyddesign **Nils Wingerei**

Lysdesigner **Torkel Skjærven**

Dramaturg **Carl Morten Amundsen**

Skodespelarar **Jon Bleiklie Devik, Heidi Gjermundsen Broch (Oslo)/Kjersti Botn Sandal (Møre og Romsdal), Sara Fellman, Bjørnar Lisether Teigen, Julie Støp Husby, Svein Roger Karlsen, Unn Vibeke Hol, Andreas Koschinski Kvisgaard**

Urpremiere 7. mars 2020 på Det Norske Teatret. Nypremiere 15. august 2020 i Bjørnsonhset, Molde.

Framsyningar: 34

Publikum: 5 678

Samproduksjon med Det Norske Teatret

## RESULTATREKNESKAP

	NOTE	2020	2019
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>			
Billett- og programsal		3 021 709	2 630 242
Sal Kafé Kurt		2 124 863	3 612 404
Offentlege tilskott		50 670 522	48 451 837
Anna driftstilskott		3 013 636	3 873 999
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>58 830 730</b>	<b>58 568 483</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
Varekjøp Kafé Kurt		734 675	1 396 353
Lønnskostnader inkl sos.kost.	2	31 372 598	31 372 844
Materialkostnader		1 192 530	1 202 111
Sal- og informasjonskostnader		1 083 984	1 214 081
Kostnader vedrørende lokale		9 938 701	10 497 902
Utstyrskostnader		372 947	376 701
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	1 618 398	852 019
Annen driftskostnad	2	9 265 051	10 942 126
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>55 578 883</b>	<b>57 854 137</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>3 251 848</b>	<b>714 346</b>
<b>FINANSINNTEKT/-KOSTNAD</b>			
Anna renteinntekt		42 478	57 156
Anna finansinntekt		146 075	179 347
Anna rentekostnad		4 373	1 477
Anna finanskosnad		85 369	71 472
<b>Resultat av finansielle postar</b>		<b>98 810</b>	<b>163 554</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>3 350 658</b>	<b>877 900</b>
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0
<b>Årsresultat</b>		<b>3 350 658</b>	<b>877 900</b>
<b>Overføringar</b>			
Avsatt til anna eigenkapital	4	3 350 658	877 900
<b>Sum overføringar</b>		<b>3 350 658</b>	<b>877 900</b>





## Fullkommen LOL

ROMSDALS BUDSTIKKE

### LARS ER LOL

Av **Iben Akerlie**

Dramatisert av **Elisabet Topp**

Regi **Elisabet Topp**

Scenografi og kostymedesign

**Camilla Wexels Riser**

Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**

Komponist **Bjørnar Myhr**

Lyddesign **Jonas Høgseth**

Medvirkende **Line Brå Johansen**

Première 10. november 2018 på Teatret  
Vårt, Arbeideren kulturhus, Ålesund.

Framsyningar: 30

Publikum: 3 295

Framsyningar: 29 (2018)

Publikum: 1 958 (2018)



# BALANSE


	NOTE	2020	2019
<b>EIENDELAR</b>			
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr		3 241 807	2 597 187
<b>Sum varige anleggsmidler</b>	3	<b>3 241 807</b>	<b>2 597 187</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i tilknyttede selskap	7	426 000	426 000
Investeringar i aksjar og andelar	7	3 000	41 000
Andre langsiktige fordringar	7	1 316 052	1 169 977
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>1 745 052</b>	<b>1 636 977</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>4 986 859</b>	<b>4 234 164</b>
<b>OMLØPSMIDLAR</b>			
<b>Varar</b>			
Lager av varar og anna beholdning		152 170	155 550
<b>Sum varar</b>		<b>152 170</b>	<b>155 550</b>
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar	7	359 248	4 594 675
Andre kortsiktige fordringar	8	1 896 427	823 959
<b>Sum fordringar</b>		<b>2 255 675</b>	<b>5 418 635</b>
Bankinnskott, kontantar o.l.	6	14 691 456	6 442 494
<b>Sum bankinnskott, kontantar o.l.</b>		<b>14 691 456</b>	<b>6 442 494</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>17 099 301</b>	<b>12 016 679</b>
<b>SUM EIGENDELAR</b>		<b>22 086 160</b>	<b>16 250 843</b>

# BALANSE

	NOTE	2020	2019
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EIGENKAPITAL</b>			
<b>Innskott eigenkapital</b>			
Aksjekapital	4, 5	600 000	600 000
<b>Sum innskott eienkapital</b>		<b>600 000</b>	<b>600 000</b>
<b>Opptjent eigenkapital</b>			
Anna eigenkapital	4	8 700 509	5 349 851
<b>Sum opptjent eigenkapital</b>		<b>8 700 509</b>	<b>5 349 851</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>9 300 509</b>	<b>5 949 851</b>
<b>GJELD</b>			
Andre avsetningar for forpliktelser		1 314 530	663 470
<b>Sum avsetningar for forpliktelser</b>		<b>1 314 530</b>	<b>663 470</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	7	1 839 012	967 174
Skuldig offentlege avgiftar		2 234 750	2 122 420
Anna kortsiktig gjeld	8	7 397 359	6 547 928
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>11 471 121</b>	<b>9 637 523</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>12 785 652</b>	<b>10 300 992</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>22 086 160</b>	<b>16 250 843</b>


Molde 29. april 2021

  
Leon Jarle Aurdal  
styreleiar

  
Einar Hernborg  
nestleiar


  
Oskar Skulstad  
styremedlem

  
Aud Solveig Malmedal Pedersen  
styremedlem

  
Jonas Poul Aspenberg Fuglseth  
styremedlem

  
Marit Ingvild Aas  
styremedlem

  
Roger Bach  
styremedlem

  
Kristian Lykkeslet Strømskåg  
daglig leder









## Når livet trylles inn i eventyret SUNNMØRSPOSTEN



### DEILIG ER JORDEN

Av **Ingrid Askvik** og **Vera Krohn Svaleng**

Regi **Ingrid Askvik**  
Scenografi og kostyme  
**Ida Grimsgaard**  
Komponist **Felipe Noriega**  
Lysdesign **Jonas P.A. Fuglseth**


Med **Amalie Sofie Ibsen Jensen**,  
**Benedikte Karine Sandberg**,  
**Anders Firing Aardal**, **Lars Halvor Andreassen**

En del av EU-prosjektet

[play\\_on\\_slogan\\_negativ.jpg](#)

Urpremiere 14. november 2020 på  
Arbeideren kulturhus, Ålesund.

Framsyningar: 20  
Publikum: 396



# NOTAR

## NOTE 1 REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

Desse rekneskapsprinsipp er brukt: Inntekter blir resultatført etter kvar einskild framsyning. Kostnader blir behandla etter samanstillingsprinsippet, dvs. at kostnader tas med i same periode som tilhøyrande inntekt resultatføres.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel er vurderte til lågaste av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet er forbigåande.

Kundefordringar og andre fordringar er førde i balansen til pålydande. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einkilde fordringane. Det er ikkje gjort avsetjing til eventuelle tap pr 31.12.

Varige driftsmiddel blir balanseførde og avskrivne lineært over forventa økonomisk levetid.

Aksjar og delar i dotterselskap og tilknytt selskap er oppført til anskaffingskost, justert for eventuell varig nedgang i verdi.

Varer vurderast til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført. Kostnaden er lik premien.

Selskapet driv kafé. Denne er skattepliktig, medan anna drift er friteken for skatt.

## NOTE 2 LØNSKOSTNADAR

	2020	2019
Løningar	24 789 744	23 615 304
Folketrygdavgift	3 626 015	3 710 142
Pensjonskostnader	2 576 533	3 673 357
Andre lønskostnader	380 306	374 041
<b>Sum</b>	<b>31 372 598</b>	<b>31 372 844</b>

Gjennomsnittleg tal på ansatte	40	42
--------------------------------	----	----



Ytelsar til leiande personar:

	Teatersjef	Styret
Løn	884 894	
Styrehonorar	2 000	247 500
Anna godtgjersle	150 161	

Kostnad til revisor kr. 57 294,- til pliktrevisjon. I tillegg kjem honorar for bistand årsrekneskap med kr 12 963,- og anna bistand kr 55 433,-. Tal er utan mva.

Teatret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Pensjonsforpliktelsen er ikkje balanseført.

### NOTE 3 VARIGE DRIFTSMIDLER

	Bilar	Maskiner, inventar	Webside	Totalt
Anskaffelseskost 1.1.	2 299 528	11 724 867	262 323	14 286 718
Tilgang i løpet av året		2 263 017	0	2 263 017
Avgang i løpet av året				
Akkumulerte avskrivninger	- 1 913 686	- 11 298 730	-95 512	-13 307 928
Bokført verdi 31.12.	385 842	2 689 154	166 811	3 241 807
Årets avskrivninger	138 246	1 448 315	31 837	1 618 398
Avskr.tid	10 år	10 år	3 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	

Høgare avskrivningar i 2020 skuldast gjennomgang og vurdering av levetid på våre tidlegare års investeringar i lyd og lysutstyr.

#### **NOTE 4 EIGENKAPITAL**

	Aksje- kapital	Annan EK	Sum
Eigenkapital pr. 01.01.	600 000	5 349 851	5 949 851
Årsresultat		3 350 658	3 350 658
Eigenkapital pr. 31.12.	600 000	8 700 509	9 300 509

#### **NOTE 5 TAL PÅ AKSJAR, AKSJEEIGARAR M.V.**

Selskapets aksjekapital på kr 600 000,- består av 300 aksjer à pålydande kr. 2 000,-. Alle aksjar har lik stemmerett.

Selskapets aksjonærer er:	Antall	Eigerandel
Møre og Romsdal fylke	132	44%
Molde kommune	132	44%
Ålesund kommune	24	8%
Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal	12	4%
Sum	300	100%

#### **NOTE 6 BUNDNE MIDLAR**

Av selskapets bankinnskott utgjør bundne skattetreksmidlar kr 1 291 508,-.

#### **NOTE 7 FINANSIELLE ANLEGGMIDLAR**

	2020	2019
Molde Sentrum AS	3 000	3 000
Molde Kulturbygg AS	426 000	426 000
Eigenkapitalinnskott KLP	745 687	745 687
Innskottsfond	424 290	424 290
<b>Sum</b>	<b>1 598 977</b>	<b>1 598 977</b>



### Tilknytt selskap

Selskapet har eigarandel i fylgjande selskap:	Forretnings- kontor	Eigarandel	Selskapets eigenkapital	Selskapets resultat
Molde Kulturbygg AS	Molde	43%	-5 539 178	2 435 937
Mellomværande med tilknytt selskap				
	2020	2019		
Kundefordring	73 539	58 470		
Leverandørgjeld	21 088	61 904		

### NOTE 8

#### PERIODISERINGAR OG KORTSIKTIG GJELD

Diverse forskottsbetalte kostnader i 2020 som er aktivert og vil bli rekneskapsført på år 2021 er:

Påløpne kostnader på egne framsyningar 2021	1 550 102
Periodiserte forsikring	4 896
Andre periodiserte driftskostnader	152 146

Forskottsbetalte inntekter/påløpne kostnader som er avsett:

Billettsal for Riksteatret og andre	50 996
Opptente inntekter Teatrets Venner/Ålesund Teaterforening	564 257
Sal gåvekort	155 468
Gåvefond	30 000
Avsett lønn tariffregulering	157 910
Billettsal framsyning 2021/forskottsbetalt inntekt	911 878
Forskottsbetalt husleigetilskott frå Møre og Romsdal fylkeskommune	2 080 800
Ikkje inntektsført husleigetilskott frå Møre og Romsdal fylkeskommunen tilsvarande 5 månader i 2012	876 633



**...annerledes, munter, vond  
og viktig** ROMSDALS BUDSTIKKE

**Ei varmande framsyning til  
muntrasjon og ettertanke**

DAG OG TID

**... her syner Johanna Mørck  
eit imponerande scenisk  
nærvær og kjapp evne til å  
improvisere** DAG OG TID



## ALLE FANTASTISKE TING

Av **Duncan Macmillan** og **Jonny Donahoe**

Oversatt av **Hans Morten Hansen**  
Regi **Kjersti Botn Sandal**  
Lysdesign **Finn Landsberg**  
Med **Johanna Mørk**

Premiere 17. januar 2020 på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 27  
Publikum: 986  
Forestillingen er produsert med støtte fra Teatrets Venner



# REVISJONSBERETNING



BDO AS  
Nøisomhed  
Serviceboks 15  
6405 Molde

## Uavhengig revisors beretning

Til generalforsamlingen i AS Regionteatret I Møre og Romsdal

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

### Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet til AS Regionteatret I Møre og Romsdal.

#### Årsregnskapet består av:

- Balanse per 31. desember 2020
- Resultatregnskap for 2020
- Noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

#### Etter vår mening:

Er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2020 og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### Annen informasjon

Ledelsen er ansvarlig for annen informasjon. Annen informasjon består av årsmelding (men inkluderer ikke regnskapet og vår revisjonsberetning til regnskapet), som vi innhentet før datoen for denne revisjonsberetningen, som forventes å bli gjort tilgjengelig for oss etter denne datoen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke annen informasjon, og vi attesterer ikke den andre informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese annen informasjon identifisert ovenfor med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom annen informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon.

Dersom vi, på bakgrunn av arbeidet vi har utført på annen informasjon som vi har innhentet før datoen på revisjonsberetningen, konkluderer med at disse andre opplysningene inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å uttale oss om dette. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Dersom vi ved gjennomlesing av årsrapporten konkluderer med at rapporten inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å kommunisere forholdet til styret.



### Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

### Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgjøre en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

### Uttalelse om andre lovmessige krav

#### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 -Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisor kontroll av historisk finansiell informasjon-, mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Molde, 29. april 2021  
BDO AS

Jan Inge Torset  
statsautorisert revisor

## STØTTA AV



## GENERALSPONSOR



## HOVUDSPONSORAR



Romsdals Subtittle

Scandic  
ALEXANDRA MOLDE

Sommersposten

nortel

## STATISTIKK 2020

Eigenproduksjonar	Framsyingar	Publikum
Alle fantastiske ting	27	986
Lars er LOL	48	4 212
Robin Hood v1.0	6	235
Robin Hood v2.0	9	643
Bartleby	14	807
Lunsj og Lyrikk	7	289
Deilig er jorden	20	396
Vårsøg 75 ÅR	18	1 775
Stjernemateriale	27	1 470
10-årsjubileum	2	80
Grevinnen og Hovmesteren 2.0	13	897
Skumringstimen	8	377
Teskjekjerringa	24	2 320
Sportskoret	3	22
Vaksen Disko	1	302
Formidlingsaktivitet	18	512
<b>SUM EIGENPRODUKSJONAR</b>	<b>245</b>	<b>15 323</b>

Samproduksjonar	Framsyingar	Publikum
Slåttekar i himmelen	34	5 678
<b>SUM SAMPRODUKSJONAR</b>	<b>34</b>	<b>5 678</b>

Gjestespel	Framsyingar	Publikum
Sans og samling	2	72
1,2,3 -nå begynner det	3	123
Segner	1	110
Vaffelhjarte	1	193
Må på behandling	1	192
Den lille store reisen	2	105
Pust	1	107
Blokk til blokk	1	124
Verdens nest kuleste forestilling	1	114
Peer Gynt	1	200
Høyt og lavt i fotballens verden	1	109
<b>SUM GJESTESPEL</b>	<b>15</b>	<b>1 449</b>

<b>SUM TOTALT</b>	<b>294</b>	<b>22 450</b>
-------------------	------------	---------------



## NØKKELTAL

Publikum	22 450
Framsyingar	294
Billettinntekter	3 021 709
Tilskott for DKS turnéar	707 560
Gj.snitt inntekt pr. billett inkl DKS	166,10
Kulturdepartementet	32 349 995
Kulturdepartementet (husleige)	2 779 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	6 722 140
Møre og Romsdal fylkeskommune (husleige)	2 104 000
Molde kommune	5 608 266
Ålesund kommune	1 107 121
<b>Samla tilskott</b>	<b>50 670 522</b>

## ØKONOMISK RESULTAT

	2020	2019	2018
<u>Inntekter:</u>			
Billettsal	3,0	2,6	2,9
Kafé	2,1	3,6	3,9
Anna	3,0	3,9	4,8
Tilskott	50,7	48,5	47,5
Sum	58,8	58,6	59,1
<u>Kostnader</u>			
Drift	55,6	57,9	60,1
Finansk.	0,1	0,2	0
Ekstraord.	0	0	0
Sum	55,5	57,7	60,1
Resultat	3,3	0,9	-0,9
Eigenkapital pr 31.12			
Sum	9,3	6,0	5,1



Barn og voksne i salen  
hikster og humrer over  
tempoet, stuntene og  
ikke minst replikkene.

ROMSDALS BUDSTIKKE







## JULEKVELD MED TESKJEKJERRINGA

Dramatisert av **Kjersti Botn Sandal**  
Basert på **Alf Prøysens** bøker

Regi **Kjersti Botn Sandal**

Scenografi og kostymedesign **Leiko  
Fuseya**  
Lysdesign **Jonas P. A. Fuglseth**  
Musikalsk ansvarlig **Jonas Høgseth**

Med **Sara Fellman, Johanna Mørck,  
Julie Støp Husbye**

Premiere 28. november 2020 på Teatret  
Vårt, Molde.

Framsyningar: 14  
Publikum: 1 320





## SLÅTTEKAR I HIMMELEN

av **Edvard Hoem**  
Dramatisering av **Kristian Lykkeslet**  
**Strømskag**

Regissør **Bentein Baardson**  
Scenograf **Arne Nøst**  
Kostymedesigner **Ingrid Nylander**  
Videodesigner **Reidar Andreas**  
**Richardsen**  
Lyddesign **Nils Wingerei**  
Lysdesigner **Torkel Skjærven**  
Dramaturg **Carl Morten Amundsen**

Skodespelarar **Jon Bleiklie Devik,**  
**Heidi Gjermundsen Broch**  
**(Oslo)/Kjersti Botn Sandal (Møre og**  
**Romsdal), Sara Fellman, Bjørnar**  
**Lisether Teigen, Julie Støp Husby,**  
**Svein Roger Karlsen, Unn Vibeke**  
**Hol, Andreas Koschinski Kvisgaard**

Uppremiere 7. mars 2020 på Det Norske  
Teatret. Nypremiere 15. august 2020 i  
Bjørnsonhset, Molde.

Framsyingar: 34  
Publikum: 5 678

Samproduksjon med Det Norske Teatret





# REPERTOAR 2020




## ALLE FANTASTISKE TING

av **Duncan Macmillian** og **Jonny Donahoe**

Oversatt av **Hans Morten Hansen**  
Regi **Kjersti Botn Sandal**  
Lysdesign **Finn Landsperg**  
Med **Johanna Mørck**

Premiere 17. januar 2020 på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 27  
Publikum: 986  
Forestillingen er produsert med støtte fra Teatrets Venner



## BARTLEBY

av **Herman Melville**  
Dramatisert av **Jonas Corell Petersen**

Regi **Jonas Corell Petersen**  
Scenografi **Jonas Corell Petersen** og **Øyvind Wangensteen**  
Lysdesign **Øyvind Wangensteen**  
Lyddesign **Olav Waastad**

Med **Lars Melsæter Rydjord, Olav Waastad, Patrik Stenseth, Thea Lambrechts Vaulen**

Premiere 20. januar 2020 på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 14  
Publikum: 807



## SLÅTTEKAR I HIMMELEN

av **Edvard Hoem**  
Dramatisering av **Kristian Lykkeslet Strømskag**

Regissør **Bentein Baardson**  
Scenograf **Arne Nøst**  
Kostymedesigner **Ingrid Nylander**  
Videodesigner **Reidar Andreas Richardsen**  
Lyddesign **Nils Wingerei**  
Lysdesigner **Torkel Skjærven**  
Dramaturg **Carl Morten Amundsen**

Skodespelarar **Jon Bleiklie Devik, Heidi Gjermundsen Broch (Oslo)/Kjersti Botn Sandal (Møre og Romsdal), Sara Fellman, Bjørnar Lisether Teigen, Julie Støp Husby, Svein Roger Karlsen, Unn Vibeke Hol, Andreas Koschinski Kvisgaard**

Urpremiere 7. mars 2020 på Det Norske Teatret. Ny-premiere 15. august 2020 i Bjørnsonhset, Molde.

Framsyningar: 34  
Publikum: 5 678

Samproduksjon med Det Norske Teatret



## ROBIN HOOD

Basert på **Legenden om Robin Hood**

Regi og bearbeidet av **Bjørnar Lisether Teigen**

Dramaturger **Kristian Lykkeslet Strømskag** og **Vera Krohn Svaleng**.

Med **Bjørnar Lisether Teigen, Lars Melsæter Rydjord, Sara Fellman, Johanna Mørck, Amalie Sofie Ibsen Jensen, Lars Halvor Andreassen**.

Premiere 12. juni 2020 i Reknesparken, Molde (v2.0)

Framsyningar: 6 (v1.0)  
Publikum: 235 (v1.0)  
Framsyningar: 96 (v2.0)  
Publikum: 643 (v2.0)



## VÅRSØG 75 ÅR

Tekster **Hans Hyldbakk**

Musikk **Henning Sommerro**

Regi **Kristian Lykkeslet Strømskag**

Tekstutvalg **Svein Sæter**

Dramaturg **Julie Støp Husby**

Med **Henning Sommerro, John Pål Inderberg, Sara Fellman, Julie Støp Husby**

Premiere 17. juni 2020 på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 18  
Publikum: 1 776





## STJERNEMATERIALE

Manus **Mattias Andersson**  
Oversettelse **Vera Krohn Svaleng**

Regi **Vera Krohn Svaleng**  
Scenografi og kostymer  
**Ida Grimsgaard**  
Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**

Med **Amalie Sofie Ibsen Jensen, Line Starheimsæter, Lars Melsæter Rydjord, Benedikte Sandberg**

Premiere 22. september 2020 på Arbeideren kulturhus, Ålesund

Framsyningar: 27  
Publikum: 1 470



## SKUMRINGSTIMEN

av **Peter Drabløs**

Regi **Eldrid Schrøder Kvalvik**

Med **Astrid Overaa, Peter Drabløs**

Premiere 8. november 2020 på Teatretfabrikken, Ålesund

Framsyningar: 8  
Publikum: 377



## DEILIG ER JORDEN

av **Ingrid Askvik og Vera Krohn Svaleng**

Regi **Ingrid Askvik**  
Scenografi og kostyme  
**Ida Grimsgaard**  
Komponist **Felipe Noriega**  
Lysdesign **Jonas P.A. Fuglseth**

Med **Amalie Sofie Ibsen Jensen, Benedikte Karine Sandberg, Anders Firing Aardal, Lars Halvor Andreassen**

En del av EU-prosjektet

play\_on\_slogan  
negativ.jpg

Urpremiere 14. november 2020 på Arbeideren kulturhus, Ålesund.

Framsyningar: 20  
Publikum: 396



## GREVINNEN OG HOVMESTEREN 2.0

Av **John Fiske**

Oversatt og bearbeidet av  
**Bjørnar Lisether Teigen**

Regi **Bjørnar Lisether Teigen**  
Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**  
Musikk **Erik Teigen**  
Rekvissitt **Freya Busby** og **Ida Lillebakk**

Med **Lars Melsæter Rydjord** og **Bjørnar Lisether Teigen**

Premiere 19. november 2020 på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 13  
Publikum: 8971 186



## JULEKVELD MED TESKJEKJERRINGA

\*Dramatisert av **Kjersti Botn Sandal**  
Basert på **Alf Prøysens bøker**

Regi **Kjersti Botn Sandal**

Scenografi og kostymedesign  
**Leiko Fuseya**  
Lysdesign **Jonas P. A. Fuglseth**  
Musikalsk ansvarlig **Jonas Høgseth**

Med **Sara Fellman, Johanna Mørck, Julie Støp Husbye**

Premiere 28. november 2020 på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 14  
Publikum: 1 320

# TILSETTE VED TEATRET VÅRT

## Skodespelarar/kunstnarleg tilsette:

Sara Fellman	skodespelar
Johanna Mørck	skodespelar
Lars Melsæter Rydjord	skodespelar
Bjørnar Lisether Teigen	skodespelar

## Engasjerte skodespelarar/kunstnarlege tilsette

Julie Støp Husby	skodespelar/dramaturg
Lars Halvor Andreassen	skodespelar
Anders Firing Aardal	skodespelar
Peter Drabløs	instruktør/skodespelar
Amalie Sofie Ibsen Jensen	skodespelar
Line Brå Johansen	skodespelar
Astrid Overaa	skodespelar
Preben Rongve	skodespelar
Kjersti Botn Sandal	instruktør/skodespelar
Benedikte Karine Sandberg	skodespelar
Line Starheimsæter	skodespelar
Patrik Asplund Stenseth	skodespelar
Thea Lambrechts Vaulen	skodespelar
Olav Waastad	skodespelar/lyddesign
Gjermund Andresen	scenograf
Ingrid Askvik	instruktør
Leiko Fuseya	scenograf/kostymedesign
Ida Grimsgaard	scenograf/kostymedesign
Elisabeth Beanca Halvorsen	oversetjar
Tatu Hämäläinen	instruktør
Fredrik Longva	instruktør
Bjørnar Myhr	komponist
Felipe Noriega	komponist
John Pål Inderberg	musikar
Øystein Johansen	instruktør
Jonas Corell Petersen	dramaturg/instruktør
Camilla Wexels Riser	scenograf/kostymedesign
Erika Sjødin	scenograf
Henning Sommerro	musikar
Svein Sæter	tekstutval
Jonas Høgseth	lyddesign/musikar
Elisabet Topp	instruktør
Øyvind Wangesteen	lydsdesignar

## Kunstneriske samarbeidspartnere

Eldrid Schrøder Kvalvik	instruktør
Bentein Baardson	instruktør
Arne Nøst	scenograf
Ingrid Nylander	kostymedesignar
Reidar Andreas Richardsen	videodesignar
Nils Wingerei	lyddesignar
Torkel Skjærven	lydsdesignar
Carl Morten Amundsen	dramaturg
Jon Bleiklie Devik	skodespelar
Heidi Gjermundsen Broch	skodespelar
Svein Roger Karlsen	skodespelar
Unn Vibeke Hol	skodespelar
Andreas Koschiniski Kvisgaard	skodespelar

## Administrasjon

Kristian Lykkeslet Strømskag	teatersjef
Solveig Dyrnes	salsleiar
Mary Farstad	administrasjonskonsulent
Monica Hagset	økonomikonsulent
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth	informasjonsleiar
Bente M. Hoflandsdal	løn- og rekneskapsleiar
Knut Lidvard Høgset	direktør
Mathilde Håseth-Eik	billettseljar
Vera Krohn Svaleng	kunstnerisk leiar avd Ålesund
Marianne Myrbostad	formidlingsleiar
Miriam Øverås Pedersen	billettseljar
Kjersti Solenes	marknadsleiar
Gunn Talstad	administrasjonssekretær

### Teknisk avdeling

Georgina Alexander	inspisient
Elin Berg	leiar systova
Freya Imogen L. Busby	rekvisitør
Halvard Fiksdal	produsent
Jonas P A Fuglset	multiteknikar
Arnstein Hoem	smed/sjåfør
Ingvar Kristensen	multiteknikar
Finn Landsperg	lysmeister
Svein Larsen	teknisk leiar
Christen Andre Mentzoni	multiteknikar
Elin Nyheim	inspisient
Aleksandar Panayotov	snikkar/sceneteknikar
Vilde Ingebrigtsen Pettersen	systova
Henrik S. Solberg	teknikarassistent

### Engasjerte i teknisk avdeling

Roy Carlsen	produsent
Tore Hagseth	snikkar/sceneteknikar
Sindre Stølsdokken	inspisient
Hanna Sønderland	inspisient

### Kafé Kurt

Freddy Hessvik	restaurantsjef
Mohamed Zbidi	kjøkkensjef
Aude Chevet-Wollan	kokk/servering
Asta Navickiene	ekstrahjelp
Tania Rosa Rodrigues-Braga	ekstrahjelp

## STYRET

### Representant frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

Leon Jarle Aurdal	styreleiar
Marit Ingvild Aas	styremedlem
Roar Bach	styremedlem
Kjersti Andersen	varamedlem

### Representant frå Molde kommune:

Einar Hernborg	nestleiar
Ingvild Espelid Wold	varamedlem

### Representant frå Ålesund kommune:

Oskar Skulstad	styremedlem
Kari Grøndvik	varamedlem

### Representant frå Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal:

Aud Solveig Pedersen Malmedal	styremedlem
Reidun Synnøve Flatøy	varamedlem

### Representant frå dei ansatte:

Jonas Poul Aspenberg Fuglseth	styremedlem
Johanna Marie Bækkevold Mørck	1. varamedlem
Monica Hagset	2. varamedlem

## REPRESENTASJON

### Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:

Kristian Lykkeslet Strømskag
------------------------------

### Norsk Teaterlederforum:

Kristian Lykkeslet Strømskag
Knut Lidvard Høgset

### Molde Kulturbygg AS:

Kristian Lykkeslet Strømskag
------------------------------

### Representantskapet i stiftelsen Molde International Jazz Festival:

Kristian Lykkeslet Strømskag
------------------------------





**Julemoro i grevinnens tid**  
ROMSDALS BUDSTIKKE





## GREVINNEN OG HOVMESTEREN 2.0

Av **John Fiske**

Oversatt og bearbejdet av  
**Bjørnar Lisether Teigen**

Regi **Bjørnar Lisether Teigen**  
Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**  
Musikk **Erik Teigen**  
Rekvisitt **Freya Busby** og **Ida Lillebakk**

Med **Lars Melsæter Rydjord** og  
**Bjørnar Lisether Teigen**

Premiere 19. november 2020 på Teatret  
Vårt, Molde.

Framsyningar: 13  
Publikum: 897

TE  
ATRE  
T VÅRT

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL  
Telefon 71 24 02 80 - E-post: [post@teatretvart.no](mailto:post@teatretvart.no) - Internet: [www.teatretvart.no](http://www.teatretvart.no)